

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE-223, FA-U01	19/241

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
013/2020	Næringsfondsstyret	PS	22.10.2020

Søknad om tilskot og lån - Testlab Vest AS

Forslag til vedtak:

Modalen kommune løyver kr. 371 250,- i lån og kr. 371 250,- i tilskot i næringsfondstønad til Testlab Vest AS. Følgande vilkår ligg til grunn for løyvinga:

1. Tilskot og lån skal nyttast i tråd med søknad m/ vedlegg.
2. Før utbetaling skal søkjaren ha levert dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med kostnadsoverslag/budsjett.
3. Tilskot og lån kan krevjast tilbakebetalt heilt eller delvis dersom utstyr som er finansiert med stønad frå næringsfondet vert solgt eller nytta til anna føremål enn føresett innan 5 år frå tilsegnsdato. Stønadsmottakar pliktar på førehand å gje melding til næringsfondsstyret om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.
4. Lån over kr. 50 000,- skal sikrast med pant.
5. Vedtekter for næringsfondet og strategisk næringsplan 2017 - 2021 ligg til grunn for løyvinga.

Saksopplysningar:

Testlab Vest AS søkjer om stønad til innkjøp av laboratoriesteinknuser, siktemaskin for grove steinmaterialar, minigravar m/ hydraulisk steinklype, maskinhengar og varebil. Dei ulike delane heng i hop for å kunne strykje seg og vere meir effektive inn mot marknaden.

Samla prosjektkostnadar er rekna til kr. 1 485 000,- og søkjar ber om 25 % stønad i form av lån og 25 % i forma av tilskot. Resterande 50 % vert dekkja av søkjar sjølv.

Bakgrunn

Sidan oppstart og etablering i kontainerfasilitetar like ved industribygget, har selskapet i dag vakse til å sysselsetje 3 tilsette. Dokumentert fakturering ut til kundar har i 2020 vore jamnt og sterkt stigande. Dette i ei til kor mange arbeidsplassar er i fare, jfr. koronapandemien. Dagleg leiar opplyser om at kundemassen er aukande og at ein arbeider mot å verte mest mogleg konkurransedugande. I

tillegg vektlegg leiar at omsyn til HMS i ein bransje med tunge løft også spelar ei viktig rolle.

Vurdering

Selskapet er pr. i dag ei verksemd som har klart å komme seg gjennom den første kristiske fasen i ei etablering. Kundeforhold er etablert og grunnlaget for vidare vekst er innan rekkjevidde. At selskapet har klart å tilsetje arbeidskraft er eit viktig punkt å vektleggje i vurderinga av denne søknaden. Testlab Vest har også tidlegare motteke stønad frå næringsfondet. Det er bør ikkje vere til hinder for vidare stønad så lenge selskapet er i vekst. Ein veit at det er kapitalkrevjande å vekse.

Modalen har behov for gründarar som vågar å satse – og ikkje minst at dei har så gode forretningssidèar at satsinga gjev resultat. Rådmannen opplever at leiar for verksemda er kunnskapsrik i ein bransje som det krevst spesiell kompetanse for å ta del i. I tillegg ynskjer selskapet å ta risiko sjølv ved å stille med til saman 50 % av prosjektkostnadane. Dette styrkjer tilliten til selskapet.

Rdmannen si vurdering er at Modalen kommune skal bidra til vekstsatsinga slik søkjar ber om.

Rådmannen vil understreke at det kan vere eit dilemma at det vert investert i utstyr som bil, hengar og minigravar som *kan* nyttast på andre oppdragsområde i Modalen som t.d. ordinære graveoppdrag, frakt av gods m.m. Rådmannen viser til pkt. 3 i vilkåra kor det står:

Tilskot og lån kan krevjast tilbakebetalt heilt eller delvis dersom utstyr som er finansiert med stønad frå næringsfondet vert solgt eller nytta til anna føremål enn føresett innan 5 år frå tilsegnsdato.

Anna føremål peiker her mot føremål som ikkje er oppgjeve i søknad eller vedtak.

Søkjaden er i tråd med Modalen kommune sin strategiske næringsplan (SNP) og fokusområde *naturressursar* kor ein skal leggje til rette for næringar som byggjer på lokale ressursar, samt fokusområdet *gründer, etablering, entrepenør og innovasjon*. Rådmannen plasserer prosjektet/tiltaket i kat. 3 med omsyn til tildeling av stønad frå næringsfondet, jfr. Strategisk næringsplan. Det inneber høg grad av sysselsetjingseffekt, busetnadseffekt og tiltak som i høg grad kan føre til nyskaping/vidareutvikling av verksemder. Det er særleg nyskaping og vidareutvikling som er vekta, samstundes med at søkjar utviklar verksemd med mål og potensial til å skape fleire arbeidsplassar enn dei 3 så langt – og med det styrkje busetnaden.

Konklusjon

Rådmannen rår til at Modalen kommune løyver kr. 371 250,- i lån og kr. 371 250,- i tilskot i stønad frå næringsfondet til Testlab Vest AS.

Næringsfondsstyret - 013/2020

NF - behandling:

Oddbjørn Trohaug orienterte om søknaden og svara på spørsmål.

Samrøystes vedteke

NF - vedtak:

Modalen kommune løyver kr. 371 250,- i lån og kr. 371 250,- i tilskot i næringsfondstønad til Testlab Vest AS. Følgande vilkår ligg til grunn for løyvinga:

1. Tilskot og lån skal nyttast i tråd med søknad m/ vedlegg.
2. Før utbetaling skal søkjaren ha levert dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med kostnadsoverslag/budsjett.
3. Tilskot og lån kan krevjast tilbakebetalt heilt eller delvis dersom utstyr som er finansiert med stønad frå næringsfondet vert solgt eller nytta til anna føremål enn føresett innan 5 år frå tilsegnsdato. Stønadmottakar pliktar på førehand å gje melding til næringsfondsstyret om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.
4. Lån over kr. 50 000,- skal sikrast med pant.
5. Vedtekter for næringsfondet og strategisk næringsplan 2017 - 2021 ligg til grunn for løyvinga.

Vedlegg:

Søknad om lån og tilskudd

Økonomisk oversikt